

Spørsmål frå Jeanette Syversen (R)

Grunngitt spørsmål om elever som ikke har fått svar på søknad om opplæring.

En tidligere elev ved Nygård skole har søkt videregående opplæring og tok kontakt med lærere ved skolen. Hun var stresset fordi hun ikke hadde fått svar, og frist for at søker kunne sende svar på tilbud, begynte å nærme seg. Hun har forsøkt å kontakte de videregående lærestedene direkte, men lyktes ikke da de var sommerstengt. Gjennom en tidligere lærer fikk hun et nummer og fikk tak i en rådgiver, saksbehandler eller en fra opplæringskontoret (uklart). Da fikk hun vite at hun ikke hadde fått plass på grunn av at hun hadde søkt sent. Hun hadde ikke søkt etter frist, som var 1. april, hun hadde søkt før. Derimot var det *mange* som hadde søkt i januar. "Søke sent" betyr altså "senere enn andre", ikke "etter søknadsfristen".

Etter at en lærer ble presentert denne saken, har denne læreren også fått en ny elev i et annet kurs som heller ikke har fått plass i videregående opplæring. Fortellingen var det samme: Ingen svar på søknad, ikke mulig å ta kontakt, og etter at sommerferien var over, fikk hun beskjed om at hun hadde søkt sent. "Sent" betyr igjen altså: "senere enn andre", ikke "etter frist". Eleven fortalte at opplæringskontoret hadde sagt at det ikke ble plass på henne, men at de "lovet at hun skulle få neste år".

- 1) Er det lovlig og vanlig praksis å ikke sende svar til søkere som søker innen fristen? Er det lovlig å bruke et "førstemann til mølla"-prinsipp for opptak? Altså å gi plass på grunnlag av *når* man søker, fremfor likebehandling av alle som søker innen fristen?
- 2) Hvor mange elever har søkt og ikke fått svar? Er fylkesordfører enig i at det haster å følge opp elever som sitter i uvisse, med et administrativt tiltak?
- 3) Elever med ungdomsrett eller voksenrett har lovfestet *rett* til videregående opplæring. Hvor mange av de det gjelder har ikke fått svar eller tilbud, hvorfor og i hvilken hjemmel?
- 4) Kan fylkesordfører se at punkt 2 og punkt 3 i vedtak om Vestland fylkeskommune som antirasistisk sone, er relevant for saken, og blir disse fulgt opp på en systematisk måte i administrasjonen for opplæring og integrering?
- 5) Hva vil fylkesordfører gjøre for å sikre at de konkrete elevenes rettigheter spesielt og innvandrere og minoritetsspråklige sine lovfestede rettigheter innen opplæring generelt blir ivarettatt på en god måte?

Svar frå fylkesordføreren:

Spørsmål 1

Forvaltningslova §11a, gjev føringar for forvaltningsorganet og det skal seinast svarast ut innan ein månad etter at søknad er motteke. Alle søkjarar får svar på søknad. Det har i årets søkjarprosess for inntak til vidaregåande opplæring for vaksne ikkje vore gjeve svar til alle søkjarar innan frist.

Vigo vaksen portalen er den portalen dei vaksne søker i.

Portalen registrerer dato den vaksne registrerer seg som brukar i web løysinga, og ikkje datoen søknaden vert sendt til fylkeskommunen.

Søkjar kan be om automatisk kvittering på innsendt søknad. Det er ikkje alle søkjarane som ber om dette. Fylkeskommunen brukar mykje tid for å rådgje søkjar og innhente naudsynt dokumentasjon slik at ein vidare kan ferdigstille søknad og gjere vedtak.

Dette kan og føre til at søkjar opplever søknadsprosessen som lang.

Søknadane vert handsama fortløpande for å avklare rettsspørsmål til søkjar. I dette skriftlege svaret til søkjar vert det gjeve informasjon om rett, omfang av opplæringa og vidare saksgang. Inntaket til vidaregåande opplæring for vaksne vert ikkje gjort før administrativ frist 1.4.

Opplæringsloven § 6-49 gjev prioritert inntaksrekkefølge:

1. Voksenrett
2. Fullføringsrett
3. Dei som ikkje har voksenrett takast inn om det er plass

Spørsmål 2

Vestland fylkeskommune har administrativ frist for innsøking 1.4 Dette for å kunne starte inntaket til skulane etter opplæringslova §6.49. Vaksne kan normalt søka vidaregåande opplæring uavhengig fristane i forskrift til opplæringslova § 6-8j f forskrifta § 6-47

Alle vaksne som har søkt innan 1.4 har fått svar.
Fylkeskommunane nyttar ein administrativ søknadsfrist slik at ein får forsvarleg tid til å handsama søknaden fram til inntak til vidaregåande opplæring tilrettelagt for vaksne.

I Vestland er det i Vigo vaksen frå 1.1.2021 registrert inn 1838 nye søknader. 1156 av desse søkte innan 1.4.2021. Dei resterande 682 er registrert inn etter administrativ søknadsfrist 1.4.

Dei fleste av søkjarane med vaksenrett har fått skriftleg tilbod om opplæring hausten 2021.

Vigo vaksen gjev oss diverre ikkje moglegheit til å rapportere tall over kor mange som har fått plass. Systemet skal sommaren 2022 etter planen erstattast med VISMA in School.

Fylkesordførar er samd i at søknadsprosessen kan verte opplevd som lang for mange søkjarar. Fylkesordførar er kjend med at Fylkeskommunedirektør har sett i verk tiltak for å evaluere og styrka arbeidet med inntak til vidaregåande opplæring for vaksne. Arbeidet skal sikre at søkjarar får svar og tilbod til rett tid.

Spørsmål 3

Alle søkjarar til vidaregåande opplæring med ungdomsrett har fått tilbod om inntak til vidaregåande opplæring.

Frå 1.1.21 til 28.9.21 er det registrert 1838 nye søknader til vidaregåande opplæring for vaksne. I perioden 01.01.21 til 01.04.21 var det registrert 1157 søkjarar. Av desse søkarane hadde 557 vaksenrett og desse har fått tilbod om opplæring.

I tida frå 01.04.21 til 28.09.21 er det registrert 681 søkjarar, desse er kontinuerleg under handsaming og har fått svar / vil få svar fortløpande.
Rettssøkjarar vil få tilbod om opplæring innan rimeleg tid, etter opplæringslova §6-47.

Spørsmål 4

Inntaksreglementet skal ta i vare rettighetene og bygger på objektive kriterium.

Reglementet skal ivareta likehandsaming og likeverd.

Det er sett ned ei eiga arbeidsgruppa som skal evaluere inntaket

til vidaregåande opplæring for vaksne. Arbeidsgruppa skal mellom anna identifisere område som har gitt utfordringar til dømes informasjon-kommunikasjon internt og utad, teknisk innføring av ViS, arbeidsflyt og rutinar. Arbeidsgruppa skal og gjere framlegg om forbetringar i heile arbeidsflyten frå søknad til den vaksne er i gang med opplæringa.

VLFK jobbar forebyggjande mot diskriminering der dei vidaregåande skulane står for hovuddelen av arbeidet og avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse har det overordna ansvaret. Mellom anna har Vestland fylkeskommune avtale med NAV om ulike opplæringstilbod for minoritetsspråklege vaksne.

Spørsmål 5

Opplæringslova § 3-12 Særskilt språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar og felles rutine skal sikre at elevar som har rett til særskild språkopplæring får oppfylt retten sin. Rutinen omfattar elevar, deira føresette, skuleeigar og dei vidaregåande skulane. Det er rektor ved skulane som har ansvar for at rutinen vert følgt.

Vaksne som får vidaregåande opplæring etter §4A-3 har ikkje rett til særskilt språkopplæring etter § 3-12. Grunngevinga er at opplæringa skal vere tilpassa behova til den enkelte vaksne. Det same gjeld for ungdom som får vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 4A-3.

Deltakarar i vidaregåande opplæring etter §4A-3 med anna morsmål enn norsk eller samisk, kan likevel få særskilt språkopplæring når det er behov for slik tilpassing for at den vaksne skal ha tilstrekkeleg utbyte av opplæringa.

Ved skulestart vert eleven informert om retten til særskilt språkopplæring i startsamtalen. Vidare vert det gjennomført ei kartlegging av eleven sin norskdugleik. Fylkeskommunen har utarbeida ei eiga kartlegging saman med Høgskulen på Vestlandet og lærarar med norsk som andrespråk i Vestland. Vurderingsverktøyet er utvikla for å støtte skulane i arbeidet med å kartlegge elevane sin dugleik i norsk; (1) som grunnlag for å

kunne gjere vedtak om særskild språkopplæring, og (2) som grunnlag for det pedagogiske arbeidet med språk og tilrettelegging i klasserommet.